

Ein ærleg ungkar sine rimande tankar

SOGNDAL: – Det er som regel eitt eller anna som ligg og kvernar baki hovudet, og som det kan verta eit lite dikt av, seier Brynjulf Grinden, alias Rune Olstad (36). No har dikt-boka hans, «Uortodoksiske ungkarstankar», kome ut i andre opplag på Lade & Bakkagrindi forlag.

SA: Tor Yttri
tor.yttri@sognavis.no

– Du må berre passa deg, elles kjem du med i neste bok. Diktet skal heita Ein tomsing frå Vik!

Rune Olstad klukkar og avsluttar telefonamtalen med fargehandlarkollegaen lenger ute i fjorden. Fargehandlaren i Vik trudde ikkje sine eigne øyre då han skrudde på lokalradioen hin morgonen og hørte Olstad proklamera dikt på direkten.

Ukjent poet

Han var nok ikkje den einaste som fekk litt hakeslepp denne morgonen. Ser ein vekk frå familien og dei nærmaste kameratane, har den poetiske sida til fargehandel-medarbeidaren vore lite kjent. Heilt fram til like oppunder jul, då han gav ut boka «Uortodoksiske ungkarstankar», under pseudonymet Brynjulf Grinden, med god hjelp frå kameratane Asbjørn Dale og Bjarte Løland.

Mest hjelp til å samla dikta mellom permars fekk han frå sistnemnde, då kamerat Dale har sikra seg tittelen forlags-sjef og difor gjer minst mogleg.

– Å gje ut bok på eige forlag er ikkje berre, berre. Men me fann ut at me kunne laga til noko, sidan eg hadde skrive ned så mykje, seier Rune.

Humor og alvor

Førsteopplaget på 72 bøker vart rive vekk, og forfattaren har store voner til at det skal gå sameleis med det andre opplaget, som nyleg er festa saman i 48 eksemplar.

– Det var no mest for moro, sjølv sagt, men det er no litt seriøst meint også, seier Olstad.

Viss er det seriøst; alvor og humor i god blanding, og rikeleg med sjølvironi. Difor handlar ein del av dikta hans om damer og ein ungkar sine personlege damedraumar, men slett ikkje berre det. I føreordet skriv han at han håpar lesaren finn boka morosam, men samstundes uttrykkjer

han håp om at einskilde av tekstanne kan vera til ettertanke. For minst like mykje som han dagdrøyer om jenter, har diktaren lete seg inspirera av fjellet.

– Ja, eg er veldig glad i fjellet. De er der eg hentar det meste frå, seier Rune. Jakob Sande og Bob Dylan er dei to store for Rune, noko dikttinga hans også er prega av.

A skriva dikt for husbruk er ein ting, samla dei mellom permars slik at andre kan lesa dei er eit stort steg å ta.

– Ja, det er litt personleg å skriva dikt, og veldig avslørande, seier han. Difor har det varma med alle dei gode tilbakemeldingane.

Over Bakkagrindi

– Kvifor deknamnet Brynjulf Grinden og Lade & Bakkagrindi forlag?

– Det berre vart slik då me byrja å laga denne boka. Det har med den lokale Bakkagrindi på Kaupangerskogen å gjera, eit gammalt landemerke for oss skoginar. Sjølv om grinda ikkje er der lenger, så utgjer framleis Bakkagrindi ei klar grense. Et er oss over og dei under. Lade-namnet kjem frå Trondheim og er adressa

til forlagssjefen, forklarer Rune.

– Kva med «Uortodoksiske ungkarstankar»?

– Uortodoksiske er eit ord forlagssjefen har lagt sin elsk på, og som berre måtte vera med.

Med eit samla opplag på kring 120 bøker, kallar diktaren den økonimske delen av bokutgjevinga eit nullprosjekt. Han reknar med at boksalet akkurat vil dekka utgifte.

Med løyve frå forfattaren gjev me att diktet «Ein hyllest til fjellet»:

Fagert er fjellet
i haustsolas glans.
Fargane sprakar
som om dei vil
by deg opp til dans.

Stille er stundene
når du går der åleine
og tenkjer på livet,
og kva du skal meine.

Roen kjem sigande,
du føler deg glad,
ei glede du ikkje finn
nokon annan stad.


Fjellvatna bleinkjer
og småfiskens hoppar.
Du ser utover horisonten
og skimtar både brear
og toppar.

Borte er stresset
og kvardagens jag
det som betyr noko no er at
fjellet er ditt i dag.



RIMSMED: Rune Olstad, med diktarnamnet Brynjulf Grinden, let det stå til og samla dikta sine mellom to permars.

Vanskeleg val i osen



VIK: Kå henne ska eg fiska i dag?

Kanskje var det tanken som rørte seg i toppen på heggen, der den stod parkert urørleg ved utløpet til Hopra.

Ein av verdas mest tolmodige fiskarar kan vera eit eksempel å ta etter når ein dreg i veg med makkaboksen til sommaren – enten det er i høgfjellet eller i lågare strøk. God tid er ein viktig nøkkel om turen skal innkassera litt fangst på kroken. Denne heggen, fotografert i 14-tida torsdag ettermiddag, var synleg frå skrivebordsflatene til byråkratar og kyrklege tilsette i kommunehus I. I bakgrunnen passerer ein flokk ærefuglhannar. I minuttet før passerte eit niser kloss oppunder fjøresteinarane – kanskje på jakt etter sild i fjorden.